



KYSTVERKET

Vest

Samarbeidsrådet for Sunnhordaland
firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no
5403 STORD

nr. 1143.15
Ans. 1.10.15
JØN

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandlar: Dato:
2011/7010-10 Johan Sørensen 28.09.2015

Uttale - framlegg til fellesrapport - Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland

Vi viser til oversending vedkomande høyring av forslag til fellesrapport interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland.

Kystverkets hovedoppgåve i plansamheng, med bakgrunn i havne- og farvannsloven, er å legge til rette for god framkomelegheit, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet. Vidare skal ein legge til rette for effektiv og sikker hamneverksemnds som ledd i sjøtransporten.

Strandsoneplan for Sunnhordland omhandlar i hovudsak strandområda. I sjø strekk plangrensa seg til ca. 50 meter frå land. Dette inneber at planen i særns liten grad omhandlar og kjem i berøring med den del av sjøområda eller farleisområda som nyttast av den generelle sjøtrafikken. Vi har derfor ikkje spesielle merknader i så måte, men vi understrekar at tilkomst til og frå hamnene, det være seg industrikaier, passasjerkaier og andre viktige kaier, må haldas fri for hindringar som kan vanskeleg gjera manøvrering i hamnebassenget. Vi legg også stor vekt på infrastruktur fram til hamna frå land.

Fiskerihamnar er eit av tema i planen. Kystverket har ansvar for fleire fiskerihamner i planområdet. Ein har tidlegare, som påpeika i planen, i samarbeid med Fiskeridirektoratet hatt ein gjennomgong for å stadfesta viktigheita av dei einskilde hamnene. Vi nemner at vi frå Departementet har fått instruks om å avhenda ikkje næringsaktive fiskerihamner. Dette er ein prosess som pågår.

I regionen står ein også føre utbygging av to nye og viktige fiskerihamner. Salthella i Austevoll kommune, som ventas ferdigstilt i løpet av 2015, og Hovlandshagen i Bømlo kommune der ein er godt igong med førebauande planarbeid.

Eit anna viktig tema i planen er småbåthamner og framtidig utbygging av ytterlegare fleire hamner både for fastbuande og i samband med hytte felt m.v., i tillegg til det er det også aukande trong om gjestehamner. Dette har fått ein sentral del i planen, og vi kan berre understreka at vi har registrert ein stor pågang dei seinare åra når det gjeld kai og bryggeplass for fritids- og småbåtar.

Eit viktig punkt når det gjeld bryggeanlegg for småbåtar er at anlegga ikkje må planleggast og utbyggas slik at dei kan være til hinder for nyttetraffikk til hamner. Vi vil derfor foreslå ei nytt punkt under "kriteriar for småbåthamner" under kap 5.2.6 med følgjande ordlyd. Ny

Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

småbåtanlegg må ikkje planleggast og utformas slik at dei kan være til hinder for tilkomst for nyttetraffikk i hamner.

Utover det har vi ikkje særlege merknader til planen. Vi vil følgje opp i planarbeidet når det kjem til einssilde kommuneplanar og reguleringsplanar særleg med tanke på utbygging av hamner det være seg større industrihamner m.v og anlegg for småbåtar.

Med helsing

Knut Stenevik
avdelingssjef

Johan Sørensen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakare:

Bømlo kommune postmottak@bomlo.kommune.no 5430 BREMNES

Vedlegg: